



Innst. 284 S

(2013–2014)

Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen

Prop. 78 S (2013–2014)

Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) nr. 254/2014 om eit fleirårig forbrukarprogram for 2014–2020 (Forbrukarprogrammet 2014–2020)

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing

Det vert lagt opp til at EØS-statane skal delta i programmet for 2014–2020 ved innlemming av Forbrukarprogrammet i EØS-avtala. EØS/EFTA-statane har delteke i forbrukarprogramma frå og med år 2000. Avgjerda om å innlemme Forbrukarprogrammet 2014–2020 i EØS-avtala inneber ei vidareføring av det tredje rammeprogrammet (2007–2013) for verksemd på forbrukarområdet, men med nokre endringar og nye føresetnader. I det nye programmet er det mellom anna lagt meir vekt på omsynet til sårbare forbrukarar.

Norsk deltaking i programmet gjer det nødvendig med budsjettvedtak over fleire år.

1.2 Generelt om Forbrukarprogrammet

Noreg deltek i og er inkludert i dei fleste aktivitetane under det tredje forbrukarprogrammet (2007–2013). Forbrukarombodet og andre handhevingssorgan deltek i det felleseuropeiske nettverket for handheving. Samarbeid over landegrensene er avgjerande til dømes der ein næringsdrivande driv med marknadsføring og sal til forbrukarar i andre europeiske land. Forbrukar Europa, som gjev råd og hjelp til nor-

ske og europeiske forbrukarar i grensekryssande forbrukarsaker, blir delfinansiert av programmet. I arbeidet sitt har Forbrukar Europa stor nytte av å samarbeide med dei europeiske søsterkontora. Noreg deltek også i studiar av marknader og forbrukarproblem, som dannar grunnlag for politikkutforming og prioriteringar.

Programmet finansierer òg felles marknadstilsynsaksjonar i EØS-marknaden som er knytte til tryggleiken til forbrukarprodukt etter direktiv 2001/95/EF. Det finansierer også aksjonar som skal betre tryggleiken ved forbrukartenester. Direktivet er gjennomført i norsk rett i lov 6. juni 1976 nr. 79 om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven).

1.3 Nærmare om Forbrukarprogrammet 2014–2020

Føremålet med Forbrukarprogrammet er å sikre eit høgt nivå på forbrukarvernet, å styrkje forbrukarane og å setje dei i sentrum av den indre marknaden. Dette skal skje innanfor rammeverket for ein heilskapleg strategi for smart, berekraftig og inkluderande vekst. Programmet vil gjere dette ved å medverke til å verne om helsa, tryggleiken og dei juridiske og økonomiske interessene til forbrukarane. Det vil også medverke til å fremje den retten forbrukarane har til informasjon, utdanning og kunnskap og til å organisere seg for å ta hand om interessene sine. Programmet skal også støtte integreringa av forbrukarinteressene på andre politikkområde.

Programmet vil utfylle, støtte og følgje med på politikken til medlemsstatane på området. Kommisjonen legg vekt på å føre vidare arbeidet som ligg i programmet for 2007–2013.

Det nye programmet har følgjande fire hovudmål:

1. Tryggleik: Konsolidere og styrkje produkttryggleiken gjennom effektiv overvaking av marknaden.
2. Forbrukarinformasjon og -utdanning og støtte til forbrukarorganisasjonar.
3. Rettar og oppfyljing av rettar: Å utvikle og konsolidere rettane til forbrukarane, særleg gjennom eit smart regelverk og betre tilgang til enkel, effektiv, snøgg og rimeleg løysing av tvistar, medrekna alternativ tvisteløysing.
4. Handheving: Støtte handhevinga av forbrukarrettar ved å styrkje samarbeidet mellom nasjonale handhevingsorgan og ved å støtte informasjon til forbrukarane.

1.4 Konstitusjonelle tilhøve

Fordi den norske deltakinga inneber økonomiske utgifter som skal finansierast over fleire år, må Stortinget gje samtykke til deltakinga i avgjerda i EØS-komiteen, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova.

1.5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Ein viser her til punkt 6 i proposisjonen.

1.6 Vurdering og tilråding

Utviklinga på forbrukarområdet går i retning av ei stadig større internasjonalisering. Norske forbrukarar er aktive i den europeiske marknaden, både gjennom reiser og netthandel. For norske næringsdrivande er den europeiske marknaden svært viktig. Viktige delar av det norske forbrukarregelverket er basert på EU-reglar. Det er i norsk interesse å medverke til utviklinga av internasjonalt og europeisk samarbeid.

Frå norsk side har ein teke aktivt del under forbrukarprogrammet 2007–2013, og knytt norske fagmiljø som Forbrukarombodet, Forbrukarrådet og Statens Institutt for Forbruksforskning til EU sitt arbeid.

Deltaking i felles marknadstilsynsaksjonar i EØS-marknaden gjev norske produkttryggleiksorgan høve til å vere med og utvikle beste tilsynspraksis. I tillegg får norske organ tilgang til testresultat for langt fleire produkt enn dei sjølve har høve til å kontrollere. Fellestilsyn medverkar òg til lik tolking og handheving av produkttryggleiksregelverket, som igjen medverkar til forbrukartillit og like konkurransevilkår for aktørane på marknaden.

Deltakinga i det gjeldande programmet er utan tvil ein positiv og viktig del av den norske forbrukarpolitikken. Denne gjev, gjennom sine aktivitetar, høve til å påverke regelverk og tiltak, i tillegg til god informasjon. Deltaking i tiltak som handhevingsnettverket (Forbrukarombodet) og ECC-nettverket (For-

brukar Europa) fører til eit betre vern for norske forbrukarar. Ved at norske marknadstilhøve inngår i studiar av marknader og forbrukarproblem, vil norske forhold vere ein del av kunnskapsgrunnlaget når forbrukarpolitikken til EU skal utformast.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet tilrår at Noreg deltek i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) nr. 254/2014 om Forbrukarprogrammet 2014–2020. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Hege Haukeland Liadal, Sonja Mandt, Arild Grande og Rigmor Aasrud, fra Høyre, lederen Svein Harberg, Kårstein Eidem Løvaas og Mette Tønder, fra Fremskrittspartiet, Morten Stordalen og Ib Thomsen, og fra Kristelig Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, viser til proposisjonen og er enig med regjeringen i at det for norske forbrukere vil være en styrke at Norge er deltakere også i det fjerde forbrukerprogrammet i EU. Norge har deltatt i og vært inkludert i de fleste aktivitetene i det tredje forbrukerprogrammet (2007–2013). Det fjerde forbrukerprogrammet (2014–2020) er en videreføring av det forrige programmet, men med noen mindre endringer. Komiteen setter pris på at det er lagt enda mer vekt på de sårbare forbrukerne. Formålet med programmet er å sikre et høyt nivå på forbrukervernet, styrke forbrukerne og sette dem i sentrum. Dette skal skje innenfor et rammeverk for en helhetlig strategi for smart, bærekraftig og inkluderende vekst. Programmet skal således medvirke til å gi trygghet og verne om helsen og de juridiske og de økonomiske interessene til forbrukerne. Gjennom programmet blir vi en del av et felles markedstilsyn i EØS, deltakere i aksjoner som skal bedre tryggheten ved forbrukertjenester, og en del av felles nyttige forbrukerdatabaser som for eksempel to databaser for kosmetikk – den ene på innhold i produkter, og den andre med informasjon om produktene.

Komiteen viser til at gjennom at Forbrukerprogrammet (2014–2020) innlemmes i EØS-avtalen, vil Norge delta i den rådgivende komiteen som er knyttet til programmet med de samme rettigheter og plikter som medlemslandene, dog uten stemmerett.

Komiteen vil også minne om at det i en moderne verden foregår mye aktivitet og handel på tvers av landegrensene, og at norske forbrukere er aktive i det europeiske markedet. Deltakelse i internasjonale forbrukerprogram og harmonisering av forbrukernes rettigheter med andre land i Europa er derfor et helt sentralt virkemiddel for å ivareta innbyggernes ret-

tigheter som forbrukere. Det sikrer at forbrukernes rettigheter enklere og bedre kan oppfylles, og at reglene kan håndheves gjennom felles innsats gjennom programmet. Komiteen mener de fire hovedmålene for programmet er sentrale også for norske forbrukere:

- Produkttrygghet gjennom overvåking av markedet.
- Forbrukerinformasjon og – utdanning, samt støtte til forbrukerorganisasjoner.
- Rettigheter og oppfylning av rettigheter, bl.a. gjennom gode tvisteløsninger.
- Håndheving av forbrukerrettigheter gjennom samarbeid mellom nasjonene.

Komiteen viser til at deltakelsen i forbrukerprogrammene i EU siden 2000 har gitt norske fagmiljøer på forbrukerområdet tilknytning til EUs arbeid. Gjennom dette får en mulighet til å påvirke arbeidet, norske forhold blir en del av grunnlaget for utviklingen og en får tilgang til nyttig kunnskap og informasjon som bidrar til et bedre vern for norske forbrukere.

Deltakelse i programmet gjennom innlemming i EØS-avtalen gjør det nødvendig med budsjettvedtak over flere år, og det er derfor nødvendig at Stortinget gjennom denne saken gir sin tilslutning. Komiteen støtter derfor at det gis fullmakt til å støtte et vedtak om slik innlemming.

Komiteen vil vise til at Forbrukerprogrammet 2014–2020 skal finansiere 4 hovedområder og at trygghet er ett av disse områdene. Komiteen er enig i at dette er et viktig område for forbrukerne. Det at forbrukerne får nøytrale og riktige opplysninger basert på vitenskapelige fakta er avgjørende for å oppnå nødvendig trygghet for forbrukerne. Samtidig må disse opplysningene formidles til forbrukerne på en relevant måte. Deltakelse i EUs forbrukerprogram kan bidra til forsterket arbeid på dette området.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet mener det er viktig at det legges til rette for at norske forskningsmiljøer har anledning til å delta i dette arbeidet, og beklager derfor at det ble

vedtatt kutt på bevilgningene til Statens institutt for forbruksforskning i årets budsjett. Dette vil gjøre det mer krevende for disse å delta i slike internasjonale programmer.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre og Fremskrittspartiet, har merket seg at Stortingets vedtak om en reduksjon i SIFOs bevilgning kom som følge av et påbegynt restruktureringsarbeid med en forventet innsparing. Flertallet vil i denne sammenheng påpeke at det nå er besluttet å gjennomføre en avvikling av instituttets forskningslaboratorium som varslet i Prop. 1 S (2013–2014) fra regjeringen Stoltenberg II, etter at Oxford Research på oppdrag fra Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i 2011 frarådet videre drift under SIFO fordi testvirksomheten ikke har stor nok nytte for instituttets øvrige forskning.

3. Merknader fra utenriks- og forsvarskomiteen

Komiteens utkast til innstilling har blitt forelagt utenriks- og forsvarskomiteen som i brev av 11. juni 2014 uttaler:

«Utenriks- og forsvarskomiteens medlemmer slutter seg til familie- og kulturkomiteens utkast til innstilling til Prop. 78 S (2013–2014) og har ingen ytterligere merknader.»

4. Komiteens tilråding

Tilrådingen fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

Stortinget gjev samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av forordning (EU) nr. 254/2014 om eit fleirårig forbrukarprogram for 2014–2020 (Forbrukarprogrammet 2014–2020).

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 12. juni 2014

Svein Harberg

leder og ordfører

